



### Skala for uro foreldre/føresette

Ver varsam		Grunn til uro	
Signal frå foreldre der foreldreevna verkar å vere god.	Signal om at foreldreevna kan vere redusert	Signal om at foreldre har eigne vanskar som påverkar foreldreevna.	Signal hjå foreldre der barnevernet/politi skal varslast
Foreldreomsorga er god.  Foreldre søker rettleiing/råd dersom barnet i ei periode ikkje trivast.  Foreldre søker hjelp ved å kontakte lege, helsejukepleiar, barnehage, skule eller liknande.	Foreldra har uregelmessig frammøte.  Foreldra let andre hente og levere barnet.  Foreldre let vere å delta på møter og arrangement.  Foreldra sluttar å overhalde avtalar, melder avbod i siste liten eller kjem med ulike forklaringar på kvifor dei ikkje kan delta på møter eller anna som vert arrangert.  Endra fysisk eller psykisk omsorgsevne.	Den fysiske framtoninga er prega av: <ul style="list-style-type: none"><li>- Hyppig sjukdom</li><li>- Lukt av alkohol</li><li>- Verkar ustelt og likegyldig til eigen framtoning</li></ul> Foreldra er prega av: <ul style="list-style-type: none"><li>- Irritasjon</li><li>- Isolasjon</li><li>- Usikkerheit</li><li>- Sårbarheit</li><li>- Nervøsitet eller mismot</li><li>- Otte/uro/nervøsitet</li><li>- Manglande situasjonsforståing</li></ul> Redusert fysisk eller psykisk omsorgsevne	Foreldreomsorga manglar heilt.  Foreldra er sterkt belasta i form av personlege, psykiske, sosiale, økonomiske og/eller nettverksmessige faktorar.  Ulike tiltak er forsøkt, utan resultat.  Foreldra møter ruse opp for å hente barnet.  Mistanke om vald, anten mot ein forelder eller mot barnet, eller mistanke om seksuelt misbruk.
Nivå 0  Utfordringane handterast i eige avdeling	Nivå 1  Utfordringane handterast i eiga avdeling.	Nivå 2  Utfordringane krev tverrfagleg samarbeid mellom ulike tenester	Nivå 3  Utfordringane må løysast i tverrfagleg samarbeid med tilviste tenester. Akuttplassering må vurderast.

Ved mistanke om vald, overgrep eller alvorleg omsorgssvikt – meld saka direkte til barneverntenesta (70058800 / 91576020) og/eller politi (02800)

